



Glade gullvinnarar frå Uskedalen: Tormod Myklebust, Stig Berge Soldal og Ole Vidar Monsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Dette er stort for oss og for laget. Trass i alt er det ikkje noko stort skimiljø i Uskedalen sa skiveteranen Pål Haugland til uskedalen.no etter at Uskedalen Idrettslag hadde vunne Kvinnheradmeisterskapet i stafett for menn, senior i Fjellhaugen søndag ettermiddag.**

Uskedalingane har håva inn stafettgull før, men det er ei stund sidan. No kom dei altså sterkt attende, med trioen Stig Berge Soldal, Ole Vidar Monsen og Tormod Myklebust..

Dei var nesten to minuttar raskare enn Ternan på andrelassen og det må vera grunn til å sette ein ekstra strek under etappetida til Myklebust. Han var berre 12 sekundar seinare enn Monsen tiltross for betydeleg aldersskilnad.

På det andre laget til Uskedalen, som tok fjerdelassen, stilte Bjarne Lilleaas, Steinar Haugland og Pål Haugland.

Uskedalen stilte med fem av dei 19 laga som deltok under stafettmeisterskapet og som gjekk smertefritt for seg sjølv om det var relativt mildt i veret. Vi hørte ingen som klaga over smøringsproblem.



Ingen sure miner sjølv om det vart sisteplass i yngste guteklassa: Kjartan Tungesvik, Martin Røssland og Johannes Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Stafettlaget Solveig Haugland, Amalie Røstbø og Maren H. Bjørnebøle frå Uskedalen gjekk i klassa 10-12 år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I klasse for jenter frå 13 til 15 år var det berre Uskedalen som var med, men Ingebjørg Haugland, Katrine Y. Røssland og Kari Bråtun kom i mål på ei respektabel tid.

I den yngste guteklassa (10-12 år) stilte Kjartan Tungesvik, Martin Røssland og Johannes Haugland for Uskedalen, men dei kom på sjettede- og sisteplassen.

Det vart også sisteplass for trioen frå UIL i den yngste jenteklassa, men Solveig Haugland, Amalie Røstbø og Maren H. Bjørnebøle var ikkje sure for det. Dei demonstrerte - som gutane - det som var ein gjennomgangsmelodi denne stafett-dagen, nemlig deltakar-glede!

Arrangementet til Rosendal Turnlag var framifrå – det var uanstrengt og vitna om stor rutine.

Her er plaseringane til uskedalingane:

Jenter 10-12 år (1,3 kilometer):

1. Rosendal 24,11  
3. Uskedalen 34,59

Gutar, 10-12 år (1,3 kilometer):

1. Rosendal 2 18,07  
6. Uskedalen 28,18

Jenter, 13-15 år (2 kilometer):

1. Uskedalen 26,07

Menn senior (5 kilometer):

1. Uskedalen 51,09  
2. Ternen 52,53  
3. Rosendal 53,29  
4. Uskedalen 2 55,25  
5. Omvikedalen 1 56,12  
6. Omvikedalen 2 56,30

Av Ola Matti Mathisen



Dei hadde ingen konkurranse, men gjekk fort for det: Ingebjørg Haugland, Katrine Y. Røssland og Kari Bråtun, som går i klassa 13-15 år.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)